



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato  
13.09.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/5753 461.3  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Ber om fråsegn til søknad frå Framo Holsenøy AS i Meland

**Fylkesmannen ber kommunen om å leggje ut eit eksemplar av søknaden til offentleg gjennomsyn. Vi kunngjer søknaden i avis Nordhordland og på fylkesmannens nettside under høyringar ein av dei nærmaste dagane.**

#### **Vi ber også om at kommunen gjev fråsegn i saka innan 25. oktober 2017.**

Vi viser til vedlagde søknad frå Framo Holsenøy AS og kunngjeringa. Kunngjeringa er sendt til avis Nordhordland der saka vil bli kunngjort ein av dei nærmaste dagane. Saka vil også bli lagt ut på vår nettside på [www.fylkesmannen.no/Hordaland/høyringar](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/høyringar). På denne adressa ligg skjema for å gje fråsegn til søknaden elektronisk.

Vi ber kommunen leggje eit eksemplar av kunngjeringa og saksdokumenta ut til offentleg innsyn i kommunen og om mogleg også på si eiga nettside. Saka skal ligge ute til offentleg innsyn til 25. oktober 2017. Dokumenta kan makulerast etter at høyringsperioden er over.

Fylkesmannen ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om

- bedrifta sitt/sine utslepp kan gjere det vanskeleg å nå målet om god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekosten, jf. vassforskrifta § 4-6.
- bedrifta sitt/sine utslepp kan føre til overskridning av måla for luftkvalitet i området
- førekosten av sårbare dyre- og planteartar i området, jf. naturmangfaldlova § 8.
- andre planlagde aktivitetar som kan påverke økosystem i området, jf. naturmangfaldlova § 10.
- andre lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sender oss eventuelle merknader til søknaden innan fem veker etter at de har motteke dette brevet.

Vedlegg: Søknad med vedlegg

Med helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Britt Solheim  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Framo Holsenøy AS